



Kultur- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8030 Dep.

0030 Oslo

Saksnr.	Arkivkode	Løpenr.	Saksbeh.	Dato
2007/185	C61	2525/2007	RIF	29.03.2007

### Bibliotekreform 2014 - uttale

Høyanger kommune har handsama høyringsbrev –"Bibliotekreform 2014" og vil gje følgjande uttale:

*Høyanger kommune ser ikkje positivt på forslaget om konsolidering innan folkebiblioteksektoren. Forslaget om at alle bibliotek kan konsoliderast til minimum 6-8 stillingar i kvart bibliotek tek ikkje omsyn til vår geografi og storleik på kommunane. Dette kan medfører ei sentralisering av tenester, som igjen gjev dårlegare bibliotektilbod til brukarane.*

*Det er viktig at kvar kommune har fagutdanna biblioteksjef og at det skal være eit hovudbibliotek i kvar kommune i samsvar med gjeldande biblioteklov. Høyanger kommune er positiv til endringar som styrkar fjernlansarbeidet og inkluderar andre bibliotek enn folkebibliotek i lova.*

*Norsk digitalt bibliotek er eit spennande prosjekt, og felles søk i norske bibliotekdatabasar i løpet av 2007 vil ha stor betydning for Høyanger bibliotek. Ein nasjonal ABM-portal der befolkninga får tilgang til digitale innhaldsressursar i arkiv, bibliotek og museum gjennom ein ny portal kan styrke samarbeidet mellom arkiv, bibliotek og museum.*

*Bibliotekreforma må sikre at kommunane får/har lokal kompetanse nærast mogleg brukarane.*

Med helsing

Rita T. Flaten  
politisk sekretær

Vedlegg: Saksutgreiing for politisk handsaming

<b>Postadresse:</b> Postboks 159 6991 HØYANGER	<b>Besøksadresse:</b> Aug. Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER	<b>Telefon:</b> 57711550	<b>Telefaks:</b> 57711551	<b>Bankkonto:</b> 3720 12 79764 Org.nr. 944439838
--	---	-----------------------------	------------------------------	---